



Marit Solheim
Vardane 15 C
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1539 - 14/3736

Saksbehandlar:
Harald Solheim
Harald.Solheim@lindas.kommune.no

Dato:
21.02.2014

Vedtak om adresse - gbnr 144/36 - Furhovden

Lindås kommune endrar addresssystem, og vi syner til vedlagte faldar ”*Orientering om adresser i region Nordhordland og Gulen*” som klargjer m.a. bakgrunnen for og utforminga av addresssystemet.

Det er gjort vedtak i saka, jf. tabell avslutningsvis i dette brevet. Vedtaket er gjort i medhald av § 21 i matrikkellova og felles adresseforskrift for kommunane i region Nordhordland og Gulen, godkjent av Lindås kommunestyre 10. mars 2011.

Vedlagt følgjer eit kart som syner nummereringa av adressene i området. For eigedom med fleire adresser, er det lagt til eit forklarande tillegg til den einskilde adressa.

Døme 1: Hus med to husvære med kvar sin inngang: Allestadvegen 12A (hovudbustad) Allestadvegen 12 B (kjellarhusvære), (kan og vera reine nummer. Andre stader kan kjellarhusværet ha inngang frå anna veg enn hovudbustad)

Døme 2: På ein eigedom kan det i tillegg til hovudbustad vera kårhus, støl, verksemd m.v. som er eigne adresseeiningar. Her fører ein opp tilsvarande forklarande tillegg.

Skilting

Det er huseigar sitt ansvar å skilte huset med godkjent nummerskilt, jf. kap 15.9 i forskriftene til delingslova. Plasseringa skal vera slik at ambulansen ikkje har problem med å finne fram også når det er mørkt. I visse tilfelle kan det vere aktuelt at huseigar i tillegg til standard husnummerskilt på huset eller ved innkøyrsla, også set opp supplerande tilvisningsskilt.

Dersom huseigar ynskjer ei anna utforming av husnummerskiltet enn gjeldande standard (svarte tal på kvit reflekterande botn), må han/ho søkja om godkjenning frå kommunen for ei anna løysing.

Standard husnummerskilt kan kjøpast eller tingast i vanlege jernvarebutikkar eller direkte hos eit skiltproduksjonsfirma.



Det er ønskeleg at skiltinga blir utført relativt raskt og i alle fall innan 4 månader etter De har motteke dette brevet.

Sjå elles vedlagt informasjonsbrosjyre.

Informasjon

Som huseigar er De pålagt å informere om adressevedtaket og innhaldet i dette brevet til leigetakarar og andre som held til på adressa. De må sjølv melda frå til andre som treng veta om den nye adressa. Ho inneber inga flytting. Det skal såleis ikkje sendast flyttemelding av noko slag.

Når det gjeld firma som held til på adressa, må firmaet melda frå om adressesetdelinga til Føretaksregisteret. (Registrering i Samordna registreringsmelding.)

Kommunen varslar andre offentlege instansar som: Folkeregisteret, Skatteetaten, Posten, BKK, Telenor m.m. om adressesetdelinga.

Kva gjer eg om eg ikkje er nøgd med adressa eg har fått tildelt?

Etter § 1-6 i delingslova kan eigar klaga på tildeling av adresse; dvs. det kan klagast på kva veg ein har fått adressenummer til (Kan vera aktuelt der eigedomen har tilkomst frå fleire vegar.) Dertil kan det klagast på fastsettinga av sjølve nummeret.

Det kan ikkje klagast på kommunen sitt val av adressenamn eller skrivemåten av namnet. Det er vidare berre eigar som kan klage. Klagefristen er tre veker etter mottak av dette brevet. Klage skal vera skriftleg og sendast til Fylkesmannen i Hordaland (Fylkesmannen i Sogn og Fjordane for adresser i Gulen), via den kommunen som har tildelt adressa. Kommunen vil gje rettleiing og hjelp ved oppsetting av klage til den som måtte ynskje det.

Eg har alltid brukt namnet på staden eg bur som adresse på brev, i telefonkatalog m.v. Kva no, vert dette namnet sletta?

Sentral adressestyresmakt, Miljøverndepartementet, har sagt at dei som ønskjer det, kan setta namnet på staden der dei bur (gardsnamnet) på lina etter person-/firmanamnet og framfor den offisielle adressa i brev, reklamemateriell m.v.

På postsendingar skal den offisielle adressa såleis stå på line for seg nest sist og med poststadnummer og –namn på siste lina. Dette fordi alle postsendingar vert sortert maskinelt og gjennom sorteringa lagt til rette for ein rasjonell distribusjon.

Ingen eksisterande registrerte stadnamn vert sletta. Alle registrerte stadnamn vil verta gjort tilgjengelege i regionen sitt kart på Internett, og etter kvart også med den nedervde uttalen av namna.

Skulle De ha spørsmål knytt til opplysningane i dette brevet vert De beden om å kontakta sakshandsamaren.

Kontaktpersoner for adressesetdeling:

Fagleiar geodata	Tommy Veland	tlf 56375640
Konsulent geodata	Harald Solheim	tlf 56375636

VEDTAK

Lindås kommune har i samsvar med gjevne retningsliner gjort følgjande adressetildeling:

GNR	BNR	VEGNAMN	TILDELT HUSNUMMER	BOKSTAV
144	36	SKARSVEGEN	246	

Med helsing

Harald Solheim
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kart med påført adressenummer

Adresseforskrift av 01.03.2011 – Nordhordland og Gulen - § 5 plassering og utforming av adresseskilt

Faldaren: Orientering om adresser i region Nordhordland og Gulen

Melding om rett til å klaga